

# Årsmøteprotokoll 2016

## Laurdag 10.09.2016. Kl:13:30.

Dagsorden:

Opning ved leiar interimstyret

Godkjenning av innkalling

Val av ordstyrar og referent

Budsjett for 2016

Vedtekter

Medlemskontingent

Innkomne forslag

Val av styre, revisorar og valkomité

Opning ved leiar interimstyret

Leiar av interimstyret, Olav Fjell innleia årsmøtet og ynskte alle frammøtte vel møtt til fyrste årsmøte i Stord Jazzklubb.

Det møtte 15 personar medlemmar eller som signerte for medlemskap på årsmøtet.

Godkjenning av innkalling

Innkalling til årsmøtet vart einstemmig godkjend.

Val av ordstyrar og referent

Jostein Bøyum vart vald til ordstyrar og Terje J. Stensletten vart vald til referent.

Budsjett for 2016

Budsjettet vart gjennomgått og enkeltpostar forklart.

Budsjettet vart einstemmig godkjend.

Vedtekter

Vedtektene vart gjennomgått og enkeltpostar forklart.

Årsmøtet ber styret om å sjå nærare på følgjande punkter:

§ 2 Føremål, tillegg til underpunkt 5: Søkja samarbeid med lokalt musikk miljø.

§ 5 Årsmøte, tillegg: Årsmøtet skal velja 2 personar til å signera årsmøteprotokollen

§ 5 Årsmøte, tillegg: Årsmøtet skal handsama handlingsplan

Innstilling til eventuelle endringar til vedtektene skal leggast fram på neste ordinære årsmøte 2017.

Vedtektene vart einstemmig godkjende med kommentarane: a), b) og c).

Medlemskontingent

Medlemskontingenten vart godkjend under dagsordens punkt 5. under vedtektenes § 8, Kontingent.

Innkomne forslag

Det var ingen innkomne forslag til årsmøtet.

Val av styre, revisorar og valkomité

Interimstyrets innstilling til styre, ettersynsfolk og valnemd var einstemmig vedteken.

Styre

Leiar (for 1 år, – fram til årsmøtet i 2017):

Olav Fjell, Knappane 67, 5414 Stord

Nestleiar (for 1 år, – fram til årsmøtet i 2017):

Jane Jünger, Øvre Rommetveit 5, 5414 Stord

Styremedlem 1 (for 1 år, – fram til årsmøtet i 2017):

Marius Sjo, Nesjaberget 31, 5417 Stord

Styremedlem 2 (for 1 år, – fram til årsmøtet i 2017):

Bjarne Ryland, Haga 25a, 5414 Stord

Styremedlem 3 (for 2 år, – fram til årsmøtet i 2018):

Terje J. Stensletten, Sponavikvegen 27, 5411 Stord

Varamedlem 1 (for 1 år, – fram til årsmøtet i 2017):

Jonas Selås Olsen, Klungenbergvegen 17a, 5414 Stord

Varamedlem 2 (for 2 år, – fram til årsmøtet i 2018):

Ole Jacob Hystad, Valevegen 42, 5416 Stord

Ettersynsfolk/revisorar (for 1 år, – fram til årsmøtet i 2017):

Jostein Bøyum, Øklandslio 67, 5414 Stord

Knut Gramstad, Jens Hystadvegen 5, 5417 Stord

Valnemnd (for 1 år, – fram til årsmøtet i 2017):

Jan Roger Pettersen, Hagastølen 24, 5414 Stord

Brit Thorland Gravdal, Hamrane 3B, 5410 Sagvåg

Nyvald leiar av Stord Jazzklubb takka for tilliten, ynskte laget lykke til og vel møtt til lagets opningskonsert med musikarar med lokal tilknytning

Wenche Bruun Lien med band

Tubesnakes

Per Olav Kobberstad Trio

Bakke/Hystad/Sjøvold Kvintett

Årsmøtet vart avslutta klokka 14:15.